

Sak 201913014/202320330 - RØLDAL SULDAL – synfaring 03.09.25 – notat

Positivt at det vart arrangert ein runde, fint vér. Bra å få snakka, men skulle fått fram meir av relevante tema. Splitta i 5 bussar, litt vanskelig for kommunikasjonen.

Mangel at oppsummerande møte på Grendahuset vart kutta ut.

Diverse tema som treng nærare avklaring:

Hyppig skifte av vasslepp i elveløp eller kanal, konsekvens for livet i elva?

Hamre kraftstasjon? – det er uklart om dette er eit aktuelt prosjekt
– Lyse har nettopp hatt synfaring.

Deponering av massar frå Tufteelva kraftverk var godkjent av NVE, to karar frå Røldal sende inn spørsmål til kommunen om det var lurt å leggja forurensa massar oppå vassverket. Me (OL, SR) foreslo å bruka massar frå Tuftejuvet til å byggja skredvoll sør for kraftstasjonen. Brått vart steinmassane sende til Ljamyrane, ingen tegn til opplysning om kva som hadde skjedd.

Trafo på deponi ved Røldalsvatnet – er såvidt omtalt i konsesjonssøknaden, planen er kanskje ikkje å gje bygda ein park, men setja opp eit monster trafo/koblingsanlegg?

Tunell under E134 ved det gamle ysteriet – slukeevnen var på grensa ved storflaum oktober 2018, kva skjer ved mangedobla utslepp frå Valdalsmagasinet?

Kva er tenkt for beredskap ved ulukker, tilkomst til Hardangervidda og nære fjellområde som blir sperra av øydelagde isforhold? Alternative ruter, rasfare, vérforhold, tryggleik liv og helse.

Reinsdyra sin bruk av områda på Votna. Her trengs det meir dokumentasjon av kunnskap, observasjonar, lokalkjennskap, historie, t.d. forteljande stadnamn (Børsestein, Reinskelven, Reinsvatnet, Reinshølen, Gautheller - fornminne jakt)

Pumpekraftverk sin konsekvens for magasina, utvasking, erosjon, flytting av organismar frå 380 moh til 1020 moh. Generelt manglar konsekvensvurdering – det er ikkje utprøvd.

Soner for tapping og fylling, innsnevringar og osar i magasina, dette blir livsfarlige område med straumkvervlar dersom vassnivået skal variera med 4 meter i døgeret.

På ettervinteren blir ruta frå Svandalsflona, over Votna-magasinet, Austmannetjørn og ned til Gryddalen/Røldal mykje brukt som skiturløype av bygdefolk og tilreisande.

Denne vil bli heilt uaktuell ved pumpekraftverk, det er ingen tilsvarande alternativ for denne løypa.

Notat

Sondof Rabbe